



# MØTEREFERAT

## REFERAT FRÅ MØTE I DET KOMMUNALE FORELDREUTVALET FOR GRUNNSKULEN (KFUG) 21.03.2012

|                   |  |                      |          |
|-------------------|--|----------------------|----------|
| <b>Dok. ref.:</b> | 12/294-4/K2-A12//ØST   | <b>Møtedato/Tid:</b> | 21.03.12 |
| <b>Stad:</b>      | Øygarden Rådhus<br>Møterom: Rongesundet  | <b>Møtenr.:</b>      | 02/12    |
| <b>Referent:</b>  | Øyvind Strandheim  |                      |          |
| <b>Tilstade:</b>  | Marianne Bru - Toftøy skule<br>Bernhard Eriksen - Rong skule<br>Bjørn Kjartan Solheimslid - Bakken skule (leiar)<br>Britt Helen Jørgensen - Øygarden ungdomsskule<br>Finn Rong - Øygarden ungdomsskule<br>Sylvi M Helgeland - Rektor Alvheim og Bakken skule<br>Øyvind Strandheim - Kommunalsjef                   |                      |          |
| <b>Forfall:</b>   | Wegard Kristensen - Toftøy skule<br>Vidar Hitsøy - Rong skule<br>David Lloyd - Blomvåg skule<br>Janne Fuglevand - Blomvåg skule<br>Råmund Skjold - Alvheim skule<br>Lillian Drange - Alvheim skule<br>Unni Bekkenes - Bakken skule<br>Liv Edel Mikkelsen - Kulturkontoret<br>Anita Tveiten - Øygarden ungdomsskule |                      |          |

| SKULE                 | Leiar  | Nestleiar   |
|-----------------------|--|---|
| Toftøy skule          | Marianne Bru<br><a href="mailto:marianne_bru@hotmail.com">marianne_bru@hotmail.com</a><br>mob: 400 48 547                                    | Wegard Kristensen<br><a href="mailto:wegard.kristensen@spv.no">wegard.kristensen@spv.no</a><br>mob: 415 20 952              |
| Rong skule            | Bernhard Eriksen <a href="mailto:bern@statoil.com">bern@statoil.com</a><br>Pålsneset 5337 RONG<br>mob: 913 92 457 tlf: 56384574              | Vidar Hitsøy<br><a href="mailto:hitsoy@yahoo.no">hitsoy@yahoo.no</a><br>Moldebrekkene 5337 RONG<br>mob: 410 42 795          |
| Blomvåg skule         | David Lloyd<br>5337 RONG<br><a href="mailto:davll@statoil.com">davll@statoil.com</a><br>mob: 970 39 326                                      | Janne Fuglevand<br>5337 RONG<br><a href="mailto:ronja1911@hotmail.com">ronja1911@hotmail.com</a><br>mob: 415 81 989         |
| Alvheim skule         | Råmund Skjold<br>5336 TJELDSTØ<br><a href="mailto:Ramund.skjold@oygarden.kommune.no">Ramund.skjold@oygarden.kommune.no</a><br>mob:413 69 187 | Lillian Drange<br><a href="mailto:lillian@th-bygg.no">lillian@th-bygg.no</a><br>mob: 924 67 488                             |
| Bakken skule          | Bjørn Kjartan Solheimslid,<br>5336 TJELDSTØ<br><a href="mailto:Bkjart-s@online.no">Bkjart-s@online.no</a><br>Mob: 916 73 033                 | Unni Bekkenes<br>5336 TJELDSTØ<br><a href="mailto:unnio@online.no">unnio@online.no</a><br>mob: 905 73 340 tlf.56389125      |
| Øygarden ungdomsskule | Anita Tveiten<br>5337 RONG<br><a href="mailto:anitatveiten@hotmail.com">anitatveiten@hotmail.com</a><br>mob:928 29 123                       | Britt Helen Jørgensen<br>Nordvik, 5336 TJELDSTØ<br><a href="mailto:britt@brjorgen.no">britt@brjorgen.no</a><br>mob:93405971 |

## SAKSLISTE

| Sak nr. | Tema   |
|---------|--|
| 07/12   | <p><b>Godkjenning av referat frå møte 25.01.12, og innkalling til møte, 21.03.12</b></p> <p><b>Vedtak:</b><br/>Innkalling til møte 21.03.12 vart godkjent<br/>Referat frå møte 25.01.12 vart gjennomgått og godkjent</p>   |
| 08/12   | <p><b>Status for dei lokale FAU (fast post)</b></p> <p>Toftøy skule:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Det har vore eitt møte i FAU-Toftøy sidan siste møte i KFUG. Neste møte i FAU-Toftøy er i veke 13.</li><li>• Elevrådet vil leggje til rette for uteområde aust om skulen. FAU og skulen har vore på synfaring på uteområde i Fjell (Møvik)</li><li>• Kontakt med folkehelsekoordinator (B.Guntveit) i samband med søknad om midlar til å utvikla uteområdet. Lærarhøgskulestudentar vert involvert i prosjektet frå hausten av.</li><li>• Konsert på Kulturhuset (veke 11) for alle elevane ved skulen. Vellukka.</li></ul> <p>Rong skule:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Foreldra er spurde om å hjelpa til i skuletilstellinga "Stjerner i sikte". Mange foreldre vil vera med. Prosjektgruppe vert oppretta. Eventuelt overskot går til godt føremål.</li><li>• Kontakt med politi i høve tjuveri på skulen. SLT-koordinator har besøkt klassane. Så langt ser besøket ut til å ha forventa førebyggjande effekt</li><li>• Fotograf. Mykje kav og stress med å velge fotograf (1. klasse og 7.klasse). Kan rektormøtet drøfta om det er mogeleg å engasjera felles fotograf for skulane</li><li>• Toalettbesøk i timane. Drøfta.</li><li>• Elevar i nytt byggefelt aust om hovudvegen og nord for dei eksisterande byggjefelta Storevarden og Veslevarden, tar snarveg over vegen nord for gangfeltet. Dette skapar farlege situasjonar. FAU/skule tar kontakt med kommunen for å drøfte kva som kan gjerast.</li><li>• PC til FAU-leiar</li></ul> <p>Blomvåg skule: (forfall)</p> <p>Alvheim og Bakken skule:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Det har vore låg aktivitet i FAU sidan siste møte i KFUG (25.01). Møte i FAU 26.03</li><li>• Det skal planleggast dugnad i Eventyrskogen</li></ul> <p>Øygarden ungdomsskule:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Møte i FAU 02.02</li><li>• FAU har sendt brev til kommunen ved IT-leiar der det vert påpeika fleire problem/utfordringar, m.a ved innrulling av PC-ar til 8.klasse, gjennomføring av nasjonale prøvar, og å ta It's learning meir i bruk . IT-leiar har i brev svart utfyllande og invitert til møte. FAU vil frametter følgje saka tett.</li><li>• Mobilbruk: Tema for drøfting. Det er forbod mot å bruka mobilar i skuletida. Det har vore små utfordringar i innkjøringa, men det har gått seg til. Dersom elevar brukar mobil vert foreldra kontakta.</li><li>• Ekstern skulevurdering i veke 11, med intervju. Gjekk svært bra.</li><li>• NY-Giv: Førebud overgangen mellom ungdomsskule og vidaregåande skule.</li><li>• Invitera lærlingar til å koma å fortelja, Live to Learn, gjerne foreldre med yrkeserfaring kan stilla opp</li></ul> |

|              |  |
|--------------|--|
|              | <ul style="list-style-type: none"> <li>• FAU-Terna inviterer FAU-ØU til å samarbeida om fartsdumpar i vegen opp mot skule og barnehage. FAU-ØU er positiv til initiativet</li> <li>• Trafikksikringsplan - etterspør status: Forslag til trafikksikringsplan skal på høring i seks veker etter påske. Då kan alle som ønskjer spela inn forslag til endringar.</li> <li>• Musikkbinge: Mobile øvingslokale. Kan søkjast om. To positive grupperingar: ØU + Kulturskule. Kommunalt Foreldreutval stiller seg positiv til tiltaket.</li> <li>• Byttedag: Arrangert 7.mars. Brev var sendt til alle skular som ranselpost. Skuffande frammøte</li> <li>• Prosjekt heildagsskule (mosjon-frukost-lekse) FAU jobbar med dette.</li> </ul>     |
| <b>09/12</b> | <p><b>Informasjon frå administrasjonen (fast post)</b></p> <p>Tilstandsrapport 2011 (utsett frå forrige møte)</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Informasjon/ presentasjon</li> </ul> <p>Nasjonale prøver 2011 ( 5.kl - 8.kl -9 kl) (utsett frå forrige møte)</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Informasjon/ presentasjon av resultata som ligg på Skoleporten</li> </ul> <p>Levekårsundersøkinga (Utsett frå forrige møte)</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• informasjon/ presentasjon. Drøfting av hovudfunna i undersøkinga.</li> </ul> <p><b>Konklusjon:</b><br/>Levekårsundersøkinga vert sendt til medlemmane i KFUG<br/>KFUG ønskjer dialog med KLEV i høve Levekårsundersøkinga (utdanning).</p> |
| <b>10/12</b> | <p><b>Haustferie - Resultat av kartlegging</b></p> <p><b>Resultat frå undersøkinga (sjå vedlegg under referatet)</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• 170 svara ja</li> <li>• 191 svara nei</li> <li>• 3 blanke</li> </ul>   |
| <b>11/12</b> | <p><b>Samordning av Ferieklubb og SFO</b></p> <p><b>Jfr. vedtak i møte: 25.01:</b><br/>KFUG ber Kulturkontoret møta til neste møte, 14.03, for om mogeleg å samordna Ferieklubben med SFO.</p> <p>Liv Edel Mikkelsen møtte frå Kulturkontoret og orienterte om Ferieklubben som kvart år har tilbod frå 1.-7.klasse i perioden siste veka i juni og første veka i juli.</p> <p><b>Konklusjon:</b><br/>KFUG ønskjer at Ferieklubben i større grad vert samkjørt med SFO og ber Kulturkontoret og skulane drøfta på kva måte dette kan gjerast. Kulturkontoret tar initiativ.</p>  |
| <b>12/12</b> | <p><b>Eventuelt:</b></p> <p>Ingen saker</p>  |

## KARTLEGGING

Det kommunale FAU foreslår å sløyfa delar av haustferien. Bakgrunn: Elevane har nettopp begynt på skulen etter sommarferien. Ønsket er å halda læringstrykket.

Forslag: Det blir to dagar haustferie, til dømes fredag og måndag. Dei andre tre dagane, som då blir skuledagar, vert kompensert med to ekstra dagar julefri og ein ekstra dag påskefri.

| Spørsmål                                  | Svar     | Kommentar/synspunkt  |
|---|----------|--|
| Ja, me støttar redusert haustferie        | Ja: 170  | <p><b>11 svar med kommentar/synspunkt:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Likar godt forslaget</li> <li>• Synest det er mykje betre at elevane får lenger juleferie-påskeferie. Veldig bra forslag</li> <li>• Likte godt forslaget om langhelg i haustferien</li> <li>• Synest dette er eit flott forslag! Haustferie trur eg sit igjen frå gammalt av. Ungane har mykje betre utbytte av dette forslaget!</li> <li>• Ja, reduser haustferien</li> <li>• Tilpass dei to dagane til torsdag og fredag</li> <li>• Kjempagod ide!</li> <li>• Fridagane i haustferien kan godt vere etter kvarandre, til dømes torsdag og fredag</li> <li>• På tide!</li> <li>• Meget godt forslag</li> <li>• Veldig bra tiltak</li> <li>• Heilt einig med FAU!</li> </ul>   |
| Nei, me støttar ikkje redusert haustferie | Nei: 191 | <p><b>60 svar med kommentar/synspunkt:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Foreldre må i tilfelle ta ut feriedagar i tre periodar fram for ein</li> <li>• Mange vil søkja om fri ei veke samanhengande (sydenferie)</li> <li>• Ser ikkje noko auka læringstrykk</li> <li>• Elevane har bruk for ein pustepause på denne tida</li> <li>• Alternativet med å kompensera fridagar med enda meir fri ved jul og påske er ikkje aktuelt.</li> <li>• Foreldre er vane med å ta ut denne veka, noko dei sikkert vil fortsetja med</li> <li>• Det er viktig å ta fri denne veka, då juleferie og påskeferie er meir enn lang nok</li> <li>• Haustferie kjem ca 1 1/2 mnd etter ferien, då er det ca 32 mnd til juleferie. Det er viktig å ha fri frå skulen med jamne mellomrom</li> <li>• Barna treng avkopling frå skulearbeidet</li> <li>• Lærarane treng å lada batteria med jamne mellomrom</li> <li>• Det er greitt slik me har det. Skal ein samkjøra med familiar som bur i andre kommunar, blir det veldig vanskeleg</li> <li>• Me treng kvalitetstid i lag med borna våre og feriane gjev gode moglegheiter for dette</li> <li>• Dersom forslaget går gjennom, må det gjevast ei fagleg vurdering av svekka læringstrykket vert svekka, og denne må koma frå dei som driv undervisninga</li> <li>• Synest det er greitt med eit avbrekk på hausten for både elev og familie</li> <li>• Kan vel flytta haustferien noko</li> <li>• Læringstrykket er meir enn stort nok frå før. Det er borna sine behov som er viktige, ikkje foreldra sine. Barn lærer best i ein kombinasjon av kvile og arbeid</li> <li>• Tull og tøys. Har meir enn nok fridagar i fbm. Med jul og påske.</li> <li>• Dette er ikkje noko FAU kan gjera noko med. Dette har m.a med arbeidstidsavtalen til lærarar å gjera (nasjonalt)</li> <li>• Flytt heller ferien fram to veker</li> <li>• Er dette lov? Det må no vera opp til lærarane å halde oppe læringstrykket</li> <li>• Jobbar i annan kommune og har fri som skulen i den kommunen. Vil då bli mykje "kluss" med ulike fridagar</li> <li>• Eg har aldri høyrd eit meir latterleg forslag før. La elevane få fri heile haustferien</li> <li>• For oss med ein forelder i reisejobb er høstferie ofte ein sjanse til å kunne feriere saman spesielt viktig med samanhengande ferie for dei av oss som må</li> </ul> |

|           |           |  |
|-----------|-----------|--|
|           |           | <p>reise langt for å besøkje familie</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Dei går lenge nok frå 7 til 4. Vi skal vekk heile veka</li> <li>• Viss vi ikkje får ferie, går verda under</li> <li>• Haustferien bør vera som den er. Viss ein ser på skuleruta er det mykje fleire fridagar i første del av året enni den delen som haustferien ere. Er det noko som burde vore kartlagt, er det behovet for vinterferien.</li> <li>• Det vert for lenge for borna utan fri heilt fram til jul.</li> <li>• Vi tenkjer at det er mest interessant å lytte til lærarar og deira innspel i denne saken. Det er lettare å motivere elevar for kortare mål (delmål) enn lengre.</li> <li>• Høstferie kan gå ut dersom den vert erstatta med ei veke ekstra vinterferie. Vinterferien kan også flyttast slik at den er ei veke seinare enn Bergen</li> <li>• For noko TULL! Elevane treng ein god pause i haustsemesteret, det aukar læringstrykket</li> <li>• Juleferien og påskeferien er lang nok som den er</li> </ul> |
| Blanke    | Blanke: 3 | <ul style="list-style-type: none"> <li>• Blank på grunn av flytting til annan kommune</li> <li>• Når foreldre er i arbeid er slik ferie/fridagar ein utfordring uansett kva tid dei vert lagt inn i kalendaren. Velger derfor å svare blankt, så dei med gode argument/behov rundt dette får bestemme</li> <li>• Spiller ingen rolle for oss, vi bøyer oss for fleirtalet</li> </ul>   |
| Til saman | 364       | 71 kommentarar/synspunkt   |